



# Vurdering for utvikling

## Rapport



*Veke 19, 09.-11.05.2022*

**Korleis driv Lavik skule variert undervisning med fokus på tverrfagleg arbeid?**

*Stad: Lavik skule, 11.05.2022*

Gøril Fristad  
Vurderar

Ida Fugle  
Vurderar

Harriet Norstrand  
Hospitant (vurderar)

## Innhold

1. Føreord.....	3
2. Oppsummering .....	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema .....	4
3.1. <i>Kort om skulen</i> .....	4
3.2. <i>Bakgrunn for val av vurderingstema</i> .....	5
3.3. <i>Arbeidet med utvikling av framtidsbiletet</i> .....	5
4. Frå vurdering til endring av praksis.....	5
5. Framtidsbilete Lavik skule .....	7
6.Vurderingar .....	8
6.1 <i>Elevane</i> .....	8
6.2 <i>Dei tilsette</i> .....	10
6.3 <i>Føresette</i> .....	13
6.4 <i>Organisasjonen</i> .....	14
7. Spørsmål til refleksjon .....	16
8. Vidare arbeid .....	17
Vedlegg: .....	18

# 1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

*«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene» (Opplæringslova 2015 § 2.1).*

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

*«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen» (Rammeplan 2017, s. 38).*

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: [www.hafs.no](http://www.hafs.no) om lag ein månad etter vurderinga.

Mai 2022

## Ida Fugle

Utviklingsrettleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 95 76 71 77

E-post: [ida.cecilie.fugle@fjaler.kommune.no](mailto:ida.cecilie.fugle@fjaler.kommune.no)

## 2. Oppsummering

Lavik skule har variert undervisning som både foreldre, elevar og tilsette er nøgd med. Skulen har mykje god kompetanse og god fleksibilitet i staben sin. I tillegg har dei eit godt samarbeid både i teama og på tvers av team og fag. Dei har ein leiar som ein av dei omtalar har "rom for alle og blikk for den enkelte», og forholdet er bygd på gjensidig tillit til at ein gjer oppgåvene sine til beste for elevane.

Dei har eit nærmiljø som er lett tilgjengeleg med moglegheit for mykje ulik aktivitet knytt til undervisning. Leiar meiner det kan vere ei utfordring i høvet til å løyse opp timeplanen, mens lærarane meiner at det er gode høve til samarbeid om tverrfaglege prosjekt. Skulen ynskjer å jobbe meir med medverknad, både retta mot elevane og føresette i gjennomføringa av skulekvardagen.

Leiar opplever rektornettverket som ei god støtte i den daglege drifta. Det blir gjennomført årlege dialogkonferansar med politikarar, oppvekstsjef, SMU, FAU og skuleeigar med skule- og barnehagebesøk. Det blir gjennomført vekentlege møter mellom oppvekstsjefen og einingsleiarane i Teams. Desse møtepunkta gjev oss inntrykk av at det generelle arbeidet i skulen er godt forankra både hos politikarane og skuleleiinga i kommunen.

Skulen viser mange teikn til god praksis. Vurdererane har lite å utsetje på arbeidet som blir gjort. I staden for å leita med lupe etter praksis som kan bli betre, har vi valt å løfte fram fleire spørsmål til refleksjon - på område vi tenker kan støtte opp under det tverrfaglege utviklingsarbeidet.

## 3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

### 3.1. Kort om skulen

Lavik skule er ein fådelt 1 – 10 skule, sentralt plassert i Lavik, i Høyanger kommune. Skulen er ein av 5 skular i Høyanger kommune.

Skuleåret 2021/2022 har vi 55 elevar. Barnesteget er 3 delt, og ungdomsskulen er 2 delt.

Skulen er ein av 5 skular i Høyanger kommune.

Elevane våre kjem frå eit relativt stort geografisk område, frå øvst på Lavikdalen i nordvest til Norevikane i aust. Fleire av elevane er difor avhengige av skuleskyss.

Skulen har om lag 10,4 årsverk pedagogar medrekna rektor, og 1,4 årsverk assistentar.

Personalet er samansett av tilsette som har arbeidd ved denne skulen i mange år og tilsette som er omplassert i frå andre skular i kommunen for eitt år om gangen. Skulen ligg vegg i vegg med Lavik barnehage. Dei har eit godt samarbeid med barnehagen, særleg knytt til SFO- drifta og overgangen frå barnehage til skule.

Skulebygget stod klart i 2001, og er i tillegg til å vere skulebygg ein viktig arena for fleire av fritidsaktivitetane til elevar og vaksne i lokalmiljøet. Skulen har stort uteområde, med volleyballbane, kunstgrasbane og basketballbane, samt leikeplass for dei yngre elevane våre. Det er kort veg til symjebassenget i Lavik. Skulen sin visjon er læring, trivsel og tryggleik.

### **3.2. Bakgrunn for val av vurderingstema**

I val av vurderingstema har vi vektlagt arbeidet med innføring av ny læreplan, og særleg innhaldet i ny overordna del til læreplanen. Dette har vi kopla til svar på elevundersøkinga, og ynskjet om å jobbe med elevane sin motivasjon for læring gjennom variert undervisning.

*For å skape motivasjon og læringsglede i undervisningen trengs et bredt repertoar av læringsaktiviteter og -ressurser innanfor forutsigbare rammer.*

(Overordna del, 3.2. Undervisning og tilpassa opplæring).

Vi ynskjer også meir systematikk rundt det tverrfaglege arbeidet vårt. Vi tenkjer at det ikkje berre gjeld dei tre tverrfaglege temaa i læreplanen, men har eit mål om at elevane skal kunne sjå kompetansemåla i faga i samanheng med kvarandre og på tvers av fag (jamfør 2.2. i Overordna del). Vi meiner og at dette vil gje elevane større mogelegheit til å vise sine styrker på ulike område, noko som vidare vil gje oss eit betre og breiare vurderingsgrunnlag.

### **3.3. Arbeidet med utvikling av framtidsbiletet**

Vi har sett av tid til utvikling av framtidsbiletet, med tilhøyrande kvalitetsmål og teikn på god praksis. Vi har arbeidd både individuelt, gruppevis og i plenum med dette. Vi har hatt ei bevisstgjerjing av kva vårt kollegium legg i omgrepa variert undervisning og tverrfaglegheit, og saman blitt samde om kva vi tenkjer er viktig å ha fokus på framover, jamfør det endelege framtidsbiletet.

## **4. Frå vurdering til endring av praksis**

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldre og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekssenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



## 5. Framtidsbilete Lavik skule

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<b>Elevane</b> Elevane møter variert undervisning, og får arbeide tverrfagleg med ulike emne	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane møter variert undervisning</li> <li>• Elevane hentar kunnskap frå emne på tvers av fleire fag, og får arbeide tverrfagleg</li> <li>• Elevane brukar/vekslar mellom ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar</li> <li>• Elevane er medvitne om kva kompetansemål dei arbeider mot</li> </ul>
<b>Dei tilsette</b> Dei tilsette legg til rette for variert undervisning og samarbeid på tvers av fag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lærarane samarbeidar om emne og knyter saman kompetansemål frå ulike fag</li> <li>• Lærarane legg til rette for ulike arbeidsmåtar og strategiar i undervisninga</li> <li>• Lærarane snakkar med elevane om ulike strategiar og læremåtar og lar elevane medverke i val</li> <li>• Lærarane legg til rette for at elevane får vise kompetansen sin på fleire måtar</li> </ul>
<b>Føresette</b> Foreldra opplever at elevane møter varierte arbeidsmetodar og arbeidar tverrfagleg, og støttar elevane i deira læringsutvikling gjennom eit godt samarbeid med skulen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldra vert informerte om kva emne elevane jobbar med gjennom året</li> <li>• Foreldra støttar opp om elevane sitt læringsarbeid</li> <li>• Foreldra kjenner seg høyrte når dei gjev tilbakemeldingar til skulen</li> </ul>
<b>Organisasjonen</b> Variert undervisning og tverrfagleg arbeid er viktig for Lavik skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leiinga prioriterer pedagogisk utvikling og set av tid til refleksjon, kunnskap – og erfaringsdeling</li> <li>• Skulen legg til rette for (tidvis) oppløysing av timeplanane og samarbeid mellom lærarar/fag</li> <li>• Skulen legg til rette for varierte læringsarenaer inne og ute i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv</li> <li>• Lærarane har fridom og påverknad inn mot eigen praksis</li> </ul>



## 6.Vurderingar

### 6.1 Elevane

**Kvalitetsmål: Elevane møter variert undervisning, og får arbeide tverrfagleg med ulike emne.**

#### 1. Teikn på god praksis: Elevane møter variert undervisning

Når elevane høyrer «variert undervisning», tenkjer dei på at ein ikkje skal jobbe «på same måte heile tida». Elevane opplever variert undervisning igjennom bruk av til dømes spel, APP'ar på iPad, samtale og refleksjon mellom elevar og vaksen-elev, mykje samarbeid, fysisk aktivitet, sjå film, bruke YouTube, gangespel i gangen, Minecraft med meir. Dei eldste seier dei ofte får velje mellom å skrive på PC og skrive i boka. Vi har observert elevar som er deltakande i timane, stiller spørsmål og kjem med forslag på løysningar. Elevar fortel at det varierer litt frå lærar til lærar og frå fag til fag når det gjeld i kvar grad ein arbeider variert.

Alle elevane fortel at samarbeidsformer som blir brukt i klassane varierer frå individuelt arbeid, samarbeid mellom to elevar, små grupper eller i plenum i klassen. Elevane fortel at det blir brukt trekking av lappar for å dele i grupper, noko som fører til at elevane føler dei blir godt blanda og kjende med kvarandre. Vidare fortel dei at i nokre trinn får ein også velje kva samarbeidsform ein lærar best gjennom og elevane får av og til friheit til å bruke den dei ynskjer når det er større prosjekt som går over lengre tid.

Tilsette og elevar fortel at lærarane har høve til å ta med fleire trinn på eit opplegg, slå saman grupper for å utføre ei fellesøkt, løyse opp timeplanen og flytte timar for å gjennomføre tverrfaglege opplegg og undervisningsøker.

Jamfør det å «vise breidda i kompetansen sin» fortel elevar frå ungdomstrinnet og mellomtrinnet om opne oppgåver, og at dei får stor grad av frileik på korleis dei ynskjer å presentere sluttprodukta sine ved større prosjekt. Elevar og tilsette fortel at elevane kan få velje om dei til dømes vil lage plakatt, video, song, presentasjon, skriftleg- eller munnleg presentasjon. Dette stemmer med observasjonane våre.

Dei eldste elevane fortel at dei får utdelt vurderingskriterier i større prosjektoppgåver, slik at dei veit kva dei blir vurdert i. Elevar og lærarane verdset fagsamtalen på ungdomstrinnet, der elevane får vise kva dei kan igjennom samtale og refleksjon med kvarandre og lærarar.

Alle elevane fortel om varierte læringsarenaer. I småtrinnet fortel elevane om tur til gapahuken, i fjæra, natursti, gardsbesøk og uteskule. På mellomtrinnet og ungdomstrinnet fortel elevane om besøk til Kvernsteinsparken, kino, lokalbutikk, Vil vite senteret i Kaupanger og lokale bedrifter i nærområdet.

Vi har sett at i oppgåvene til mellomtrinnet og til ungdomskulen gjennom året kjem dei tre store tverrfaglege emna «demokrati og medborgarskap», «berekraftig utvikling» og «folkehelse og livsmeistring» tydeleg fram. Alle lærarane fortel om desse prosjekta, og rektor fortel at dette er tema som ho har bestemt at heile skulen skal arbeide med i løpet av året.

Vurderarane kan gjennom intervju, observasjon og dokumentasjon frå skulen sjå att overordna del i læreplan, 3.2 om undervisning og tilpassa opplæring. Der skulen har trekt ut



«For å skape motivasjon og læringsglede i undervisninga trengs eit breitt repertoar av læringsaktivitetar og –ressursar innanfor forutsigbare ramme» som bakgrunn for val av tema.

## **2. Teikn på god praksis: Elevane hentar kunnskap frå emne på tvers av fleire fag**

God praksis:

Elevane fortel at dei bruker lesing, rekning og digitale ferdigheiter i alle fag. Elevane og lærarane fortel at i småtrinnet blanda ein faga i undervisningsøkter, der ein jobbar med kompetansemål frå fleire fag. Dette er lettare når dei same lærarane har mest alle faga, seier lærarane.

Elevane i mellom- og ungdomstrinnet fortel at i nokre fag blandar ein ofte faga til større prosjekter og tverrfaglege undervisningsøkter, medan andre fag gjere ein det ikkje i like stor grad. Elevane seier at det varierer litt frå fag til fag, og lærar til lærarar. Dette stemmer også med det lærarane seier, at i nokre fag er det enklare å arbeide tverrfagleg enn i andre.

Praksis som kan bli betre:

På ungdomstrinnet meiner elevane at det er lettare å sjå samanhengen i faga norsk, KRLE, matematikk, engelsk, samfunnsfag og naturfag. Her slår ein ofte saman faga til tema. For desse elevane er det meir uklårt korleis dei praktiske faga heng saman med dei andre faga. Lærarane seier derimot at det er enklast å lage tverrfaglege oppgåver i praktiske fag, og at ein der kan bygge vidare på tema elevane arbeider med i andre fag.

## **3. Teikn på god praksis: Elevane brukar/vekslar mellom ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar**

God praksis:

Når vi spør elevane om læringsstrategiar, seier dei at det blir snakka om å bruke ulike måtar å kome fram til svar og løysingar på. Elevane fokuserer spesielt på korleis ein kan løyse matematikkoppgåver på ulike måtar.

Elevane opplever at det blir høyrte på når dei kjem med innspel på korleis dei ynskjer å arbeide i alle trinna. I dei yngre trinna opplever elevane at dei kan kome med innspel og ynskjer, og at det då kan bli innfridd ved neste økt. Dette stemmer med det lærarane seier.

På mellomtrinnet og ungdomstrinnet fortel elevane om stor frileik til å påverke korleis dei skal arbeide i faga både med arbeidsmåte og sluttprodukt. Ein elev kom med eit døme på at dersom ein ikkje ynskjer å framføre, er lærarane veldig fleksible med å finne andre måtar å vise kunnskapen sin på. Vurderingskriterier er stort sett utarbeida av lærarar i ungdomsskuletrinnet, seier både lærarane og elevane, men elevane har enkelte gongar fått vere med å utarbeide desse.

Praksis som kan bli betre:

Lærarane seier at dei ikkje snakkar om omgrepa “variert undervisning” og “læringsstrategiar”. Det stemmer også med det elevane seier. Elevane opplever likevel at lærarane i stor grad legg til rette for varierte arbeidsmåtar, med varierende grad av elevmedverknad. Dette stemmer også med det lærarane fortel om sin praksis.

#### **4. Teikn på god praksis: Elevane er medvitne om kva kompetansemål dei jobbar mot**

God praksis:

Vi observerer at kompetansemål er synlege i vekeplanar og i større skriftlege oppgåver. Elevane var usikre om kompetansemålet blei presentert i starten av øktene, men einige i at dei fekk presentert “kva dei skal arbeide med denne timen» ved starten av økta.

Vi observerer at lærarane i byrjinga av timane har ein introduksjon om kva ein skal jobbe med i timen, og at det der vert snakka nytten og relevansen i oppgåvene, samt korleis dette kan knytast til kvardagen til elevane.

Praksis som kan bli betre:

Elevar, føresette og tilsette forstår kvarandre, men nyttar ikkje same ord og omgrep innanfor temaet variert undervisning og læringsstrategiar. Elevane kan ha nytte av eit felles metaspråk for å kunne verte meir delaktige i si eiga læring .

For å kunne forstå bruken av kompetansemål og vurderingskriterier på høgare trinn, kan ein gradvis bygge opp forståinga og innhaldet i omgrepa på tidlegare trinn.

## **6.2 Dei tilsette**

***Kvalitetsmål: Dei tilsette legg til rette for variert undervisning og samarbeid på tvers av fag***

### **1. Teikn på god praksis: Lærarane samarbeider om emne og knyter saman kompetansemål frå ulike fag**

God praksis:

På spørsmål om kva tilsette legg i variert undervisning trekk ein fram at det er viktig for dei å varierer på bakgrunn av at ein ser elevane får auka sitt utbyte og ikkje berre “variasjon for variasjonen sin del”. Tilsette trekk fram at variasjon er å “ikkje gjere det same heile tida, ein gjer ulike ting», gjennom ulike arbeidsmåtar som gjev elevane ulike vegar for å nå måla sine. Elevar og tilsette fortel at prosjekta dei har hatt fører til auka motivasjon og læring. Tid til refleksjon og involvering meiner dei er viktige faktorar for å kunne utvikle læringsstrategiar, samt at dei vaksne er aktive og tilgjengelege. Lærarane trekk fram samarbeid og delingskultur som andre viktige faktorar for å få til variert undervisning og tverrfagleg arbeid. Dei meiner det er viktig å bygge på styrken til kvarandre. Alle tilsette seier at det er ein god lærings- og delingskultur på skulen. Dette vert støtta av observasjon og intervju med elevar.

Ein har hatt fleire tverrfaglege prosjekt på heile skulen gjennom skuleåret, også på tvers av trinn. Desse prosjekta seier dei tilsette at ein samarbeider godt om. Elevane fortel om desse prosjekta heime.

Dei tilsette peikar også på at organisering av timeplanen og det å undervise i fleire ulike fag gjer at skuledagane vert meir variert for elevane. Tilsette fortel at dei opplever å ha god variasjon igjennom dagen, i sine fag og gjennom tverrfaglege prosjekt. Dette har vi også sett i observasjon. Dei tilsette varierer undervisninga og nyttar ulike arbeidsmåtar.

Tilsette peikar på at fagfornyinga opnar for meir bruk av tverrfagleg undervisning og djupnelæring. Elevar og tilsette fortel at prosjekt som «menneskeverd og demokrati» gjekk på tvers av faga norsk, KRLE og samfunnsfag. Dei tilsette meiner at denne fagkombinasjonen er lettare å sjå i samanheng, og at kompetansemål kan vere meir samanfallande. Dette vart støtta i intervju av leiar og elevane. Elevane opplever at det er lettare å sjå samanheng mellom desse faga enn praktiske fag.

Både elevar og tilsette nemner at det er auka fokus på medverknad og refleksjon i den nye læreplanen. Dei fortel om at det har ført til auka fokus på munnleg presentasjon, samt auka moglegheiter for elevane til å påverke val av arbeidsmåte.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier at det er lettare å få til tverrfaglege prosjekt når dei har fleire fag sjølv, og dermed kan sjonglere litt med fag og timeplan. Leiar seier at oppløysing av timeplan kan vere ein utfordring med tanke på ressursar.

Gjennom dokumentanalyse har vi sett at «det tverrfaglege» er lite synleg i planane til skulen. Det er varierande kor synleg kompetansemål er på vekeplanar. Auka fokus og synlegheit på utviklingsområdet kan støtte opp om elevane si bevisstgjerings, samt foreldra sitt høve til å følge opp barna i læringsarbeidet.

## **2. Teikn på god praksis: Lærarane legg til rette for ulike arbeidsmåtar og strategiar i undervisninga**

God praksis:

Tilsette opplever at dei har stor fridom i arbeidet sitt og at dei har tid og moglegheiter til å kunne samarbeide. Dei tilsette seier dei samarbeider både i eige team, på tvers, på kontoret, gjennom treff i gangen og på pauserommet. Dei drøftar, deler erfaringar og idear, og finn inspirasjon gjennom kvarandre. Tilsette seier dei «finn løysningar i lag», slik at samarbeid og planarbeid vert opplevd positivt.

Tilsette nyttar nærområdet til å skape ulike arenaer for læring, og samarbeider med næringslivet og lokale lag og organisasjonar for å skape variert undervisning for elevane i fleire fag. Arbeidslivsfag er knytt til næringslivet i Lavik.

Gjennom observasjon opplevde vi variasjon og ulike arbeidsmåtar på alle trinna.

Praksis som kan bli betre:

Leiinga er oppteke av at skuledagen skal vere variert og ønskjer å utarbeide eit betre system for å kunne variere og løyse opp dagane og timane i timeplanen

### **3. Teikn på god praksis: Lærarane snakkar med elevane om ulike strategiar og læremåtar og lar elevane medverke i val**

God praksis:

Tilsette informerer om kva elevane skal arbeide med i timen, i løpet av veka og heime. Det er mindre fokus på bruk av omgrep, som til dømes kompetansemål, hos dei yngste elevane.

Etter kvart som elevane kjem opp i trinna vert kompetansemåla og vurderingskriterier sett inn på veke- og lekseplan. Planane er tilgjengeleg både digitalt og i papirform.

Tilsette fortel at elevane ikkje deltek i planlegging av undervisning, men at dei får medverke i korleis dei skal gjennomføre oppgåver eller presentasjonar, samarbeidsformer eller kvar ein skal arbeide.

Praksis som kan bli betre:

Gjennom intervju med tilsette og leiar, samt spørjeundersøkinga til føresette, kjem det fram eit ønske og behov for å betre arbeidet med elevmedverknad, samt samarbeidet med foreldra.

### **4. Teikn på god praksis: Lærarane legg til rette for at elevane får vise kompetansen sin på fleire måtar**

God praksis:

Tilsette meiner at vurderingsgrunnlaget er eit viktig reiskap til å sette fokus på ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar. Her arbeider dei systematisk med tilpassing til kvar einskild elev, slik at eleven får høve til "å vise breidda i kompetanse sin". Tilsette fortel at elevar i ungdomskulen får delta i utarbeiding av vurderingskriteria til tema dei skal ha. Elevane syns dette er positivt.

Praksis som kan bli betre:

Det er semje blant dei tilsette i at elevane får synt kunnskapen gjennom varierende arbeidsmetodar. Elevane fortel likevel at variasjon i arbeidsmåtar kan varierer frå lærar til lærar og frå fag til fag.

### 6.3 Føresette

**Kvalitetsmål: Foreldra opplever at elevane møter varierte arbeidsmetodar og arbeidar tverrfagleg, og støttar elevane i deira lærings-utvikling gjennom eit godt samarbeid med skulen**

#### **1. Teikn på god praksis: Foreldra vert informerte om kva emne elevane jobbar med gjennom året**

God praksis:

For foreldra er vekeplan og lekseplan ei viktig informasjonskjelde til å setje seg inni kva elevane arbeider med gjennom året. Fleire av dei trekk fram innlegg på heimeside og facebook-side som positivt. "Det er kjekt å sjå glimt frå elevane sin skulekvardag. (...) Små prosjekt/oppgåver er like viktig som dei store og omfattande" er eit sitat henta frå den digitale undersøkinga blant foreldra. Foreldra får også informasjon om skulen gjennom samtalar med barna.

Foreldra har høyrte om mange ulike prosjekt som elevane har jobba med dei siste åra, og dei kjenner til skulen har samarbeida med helselaget, idrettslaget, korpset, Røde Kross, SIMAS, Nybø gard, med meir.

Praksis som kan bli betre:

Om ein ser på dette utviklingsområdet, svarer foreldra at det varierer i kor stor grad omgrep som "varierte undervisning" og "læringsstrategiar" har vore tema på foreldremøte. Berre sju av 26 har svart bekreftande på dette. Foreldra meiner heller ikkje at "høve til å vise breidda i kompetansen sin" har hatt ein betydeleg plass på utviklingssamtalar. Det kan tyde på at sentrale omgrep innanfor utviklingsområdet ikkje vert kommunisert ut til foreldra.

#### **2. Teikn på god praksis: Foreldra støttar opp om elevane sitt læringsarbeid**

God praksis:

Foreldra meiner dei støttar godt opp under eleven sitt læringsarbeid. Foreldra melder at elevane snakkar om ulike arbeidsmåtar heime, og foreldra sin definisjon av kva som ligg i omgrepet "varierte undervisning" samsvarar med elevane og skulen sitt syn.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier at dei fleste foreldra føl opp elevane på ein god måte, men at det varierer kor mykje kontakt ein har.

Eit fåtal av elevane snakkar om "læringsstrategiar" og "kompetansemål" heime. Dette samsvarar med korleis elevane ordlegg seg i intervju. Alle elevane nyttar ikkje nødvendigvis desse orda, men andre ord og omgrep om same innhald. På same måten som i teiknet over, vil det vere lettare å støtte opp om barna sitt læringsarbeid om ein har dei same omgrepa å bruke.

### **3. Teikn på god praksis: Foreldra kjenner seg høyrte når dei gjev tilbakemeldingar til skulen**

God praksis:

Dei fleste av foreldra meiner dei vert godt høyrte når dei gjev tilbakemelding til skulen på barnet sitt læringsarbeid. Lærarane seier dei ønsker eit samarbeid med foreldra.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier at kontakten mellom foreldra og skulen ofte oppstår når det har oppstått utfordringar. Som ein foreldre poengterer; "som forelder ønsker eg tilbakemelding på at noko er galt - før ein aktuell foreldresamtale". Foreldre seier også at dei opplever at mykje vert snakka om, men ikkje nødvendigvis tatt kontakt med skulen om.

## **6.4 Organisasjonen**

**Kvalitetsmål: Organisasjonen: Variert undervisning og tverrfagleg arbeid er viktig for Lavik skule**

### **1. Teikn på god praksis: Leiinga prioriterer pedagogisk utvikling og sett av tid til refleksjon, kunnskap og erfaringsdeling**

God praksis:

Leiar fortel at dei fem planleggingsdagane blir brukt til pedagogisk utviklingsarbeid ved skulen. I tillegg har skulen ein time møte kvar tysdag etter skulen. På møteplanen for året var det tydeleg oversikt over innhaldet i desse møta, og kva for møte som skulle handle om pedagogisk utviklingsarbeid. Leiar fortel om mellomliggande arbeid som lærarane skal førebu til møta, og at arbeid vert kommentert i Teams. Dei tilsette og leiar fortel om stor tillit og tydelege forventningar frå leiinga til dei tilsette om å finne tid til å drøfte, planlegge og utføre dette arbeidet. Fokus på tilliten går igjen som tema både hos rektor og dei tilsette.

Dei tilsette trekk fram at leiar er svært godt oppdatert på kva arbeid som føregår på skulen, at ho er lett tilgjengeleg og støttar dei i arbeidet. Dei kan søke støtte hos leiar når det trengs. Leiar sjølv fortel om medarbeidersamtalar med mål om få fram styrkene til dei tilsette, til dømes gjennom Gary-walk i klasseromma. Her får dei tilsette vise noko dei er nøgd med, og som dei har arbeidd med undervisninga si. Ein av dei tilsette uttrykte det slik: «Hildegunn har rom for alle, og blikk for den enkelte».

Leiar fortel at ho tykkjer utviklingsarbeid kan vere tungt å arbeide med på ettermiddagane. For å motverke dette meiner ho det er viktig at utviklingsarbeid er praksisnært, og at ein er fleksibel med kva tema som vert tatt opp ut frå behov som skulle oppstå.

Rektorgruppa i kommunen møtes ein heil dag kvar sjette veke for å drøfte sentrale områder innanfor utviklingsarbeid. Her vert det arbeida med felles rutinar strukturar ol. Ansvar for desse møta rullerar. Ansvarleg skule utarbeider saksliste og skriv referat. Oppvekstsjef har eigne informasjonsmøte på teams med barnehage- og skuleleiarar ein gang i veka. I løpet av vurderingsveka hadde skulen «Dialogkonferanse», der to politikarar, oppvekstsjef, representantar frå SU/SMU og FAU skulle vere til stades med rektor og barnehagestyraren.

Kommune har også ein overordna utviklingsplan for alle skulane, der «tverrfaglegheit og djupnelæring» har fokus no. Skulane kan gjere lokale tilpassingar på val av fokusområde som innanfor dei overordna emna.

## **2. Teikn på god praksis: Organisasjonen legg til rette for god (tidvis) oppløysning av timeplanane og samarbeid mellom lærarar / fag**

God praksis:

Når timeplanen skal leggjast får alle kome med ynskjer, som leiinga seier ho forsøker å imøtekomme så godt ho kan. Dei tilsette og leiinga fortel at det er stort rom for å flytte timar og økter, slik at ein kan få til tverrfaglege undervisningsøkter.

Alle leiter etter gode løysingar saman, og ein får sjeldan «nei». Tilsette samarbeider mykje fortløpande, og onsdagane er det sett av tid til å samarbeide i team. Vi opplever at organisasjonen legg godt til rette for oppløysing av timeplanen, at samarbeid mellom lærarar /fag fungerer, og at dei tilsette nyttar handlingsrommet godt.

## **3. Teikn på god praksis: Skulen legg til rette for variert læringsarenaer inne og ut i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv**

God praksis:

Elevane og tilsette snakkar om ulike læringsarenaer. Dei fortel om lengre og kortare turar i nærmiljøet og bruk av næringslivet i lokalsamfunnet. Elevane seier at dei likar svært godt at ein brukar naturen rundt skulen. Når dei tilsette har prosjekt som vil krevje ekstra midlar, seier dei at dei får det dei treng av midlar, så lenge det er godt argumentert pedagogisk.

Leiar fortel om samarbeidsavtaler med lokalt næringsliv som Simas, Hydro, Havyard, Osland havbruk og Skjærgårdsheimen. Dei eldste trinna er med på prosjektet «Lektor 2», eit prosjekt som krev at ein samarbeider med lokalt næringsliv. Skulen seier dei samarbeider med FAU om å dra inn næringsliv og samarbeid i lokalsamfunnet. Leiar påpeikar at korona har ført til at samarbeidet med lokalsamfunn og næringsliv har vorte noko redusert, og at ein no må arbeide for å få det opp att å gå.

Leiar har inntrykk av at elevane, føresette og tilsette er positive til oppløysing av timeplanen og samarbeid med næringsliv.

## **4. Teikn på god praksis: Lærarane har fridom og påverkar inn mot eigen praksis**

God praksis:

Lærarane seier dei opplever at dei har stor pedagogisk fridom til å variere og samarbeide om korleis dei legger opp skulekvardagen for elevane sine. Dette kjem også i samtaler med elevane og i observasjon. Leiar meiner den pedagogiske fridommen er viktig for utvikling.



## 7. Spørsmål til refleksjon

Perspektiv	Spørsmål
Elevane	<p>Korleis elevmedverknaden på alle trinn? Og korleis auke felles forståing av omgrepet?</p> <p>Korleis skape eit metaspråk for elevane si eiga læring?</p> <p>Korleis auke elevane sin oppfatning av samanheng mellom fag på alle trinn?</p>
Tilsette	<p>Korleis innarbeide viktige omgrep i utviklingsarbeidet med heile elevgruppa? Og foreldra?</p> <p>Korleis kan ein synleggjere det tverrfaglege arbeidet i plandokument?</p> <p>Korleis synleggjere samanhengane i faga og mellom faga i vekeplanar?</p> <p>Korleis utnytte og vidareføre det gode læringsmiljøet vidare, om det skulle kome endingar i føresetningane?</p> <p>Korleis utnytte dei tverrfaglege emna til tverrfagleg samarbeid?</p>
Føresette	Korleis støtte foreldra i samtalanane med elevane om si eiga læring?
Leiing	<p>Korleis skape rom og ein arena for samspel, samhandling eller samarbeid med foreldra og elevar?</p> <p>Korleis engasjere FAU i utviklingsarbeidet?</p> <p>Korleis systematisere og forankre større tverrfaglege prosjekt i samarbeid med næringsliv?</p> <p>Korleis kan eigar støtte skulen i utviklingsarbeidet i sårbare situasjonar?</p> <p>Korleis kan eigar støtte skulen i arbeidet med innføringa av ny læreplan?</p>

## 8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

# Vedlegg:

## Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette på Lavik skule, elevar og føresette  
Eksterne: Gøril Fristad, Harriet Norstrand og Ida Fugle

## Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

## Tidsplan for heile prosessen

Tid	Tiltak
Veke 34	Oppstartsmøte med skule og utviklingsrettleiar Vurderarar vert kopla på
Veke 17	Skulen sender utkast til framtidsbilete Arbeid med framtidsbilete Vurderarar gjev tilbakemelding på utkast til framtidsbilete
Veke 18	Nytt utkast til framtidsbilete
Veke 18	Vurderarane justerer og arbeider vidare med samtaleguider med grunnlag i framtidsbilde
Veke 18	Skulen landar eit endeleg framtidsbilete og sender det til vurderarane Vurderarane arbeider vidare med samtaleguider med grunnlag i endeleg bilete Rektor sender relevante dokument (utviklingsplanar, årsplanar, månads-vekeplanar ol.) til vurderarane Skulen inviterer til oppfølgingsmøte
Veke 18	Vurderarane sender til rektor lenke til digital spørjeundersøking for føresette. Rektor videresender denne til føresette Førebuing; gjennomgang av intervjuguider og fordeling av ansvar Rektor/Styrar sendar desse tekstane til vurderarane(skål limast inn i rapporten) <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentasjon av skule/barnehage</li><li>- Bakgrunn for val av vurderingstema</li><li>- Rektor / Styrar lagar plan for intervju med tilsette og barn/elvar</li></ul>

## Tidsplan veke 19:

Måndag:	Observasjonar, intervju med tilsette og elevar, spørjeskjema til foreldre med svarfrist måndag
Tysdag:	Observasjonar, intervju med tilsette, elevar og einingsleiar
Onsdag:	Rapportskriving, framlegg av rapport 15.30

## Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

### Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einskilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

### Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

### Påstandsskjema

### Observasjon

### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

### Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

## Samtaleguidar og skjema

### *Utkast samtaleguide føresette*

NB: Skal nyttast til ei digital undersøking gjennom google skjema.

1. Kva legg du i variert undervisning?
2. Snakkar elevane om ulike arbeidsmåtar heime?
3. Snakkar elevane om ulike læringsstrategiar?
4. Snakkar elevane om kompetansemål?
5. Kva prosjekt kjenner du til at det har vore arbeid med i løpet av dei siste skuleåra?
6. Kva lag og organisasjonar kjenner du til at skulen har samarbeid med dei siste åra?

7. Har «varierte undervisning» og «høve til å vise breidda i kompetansen» sin vore tema på utviklingssamtalar?
8. Har «varierte undervisning» og «læringsstrategiar» vore tema på foreldremøte?
9. I kva grad opplever du at elevane får vere med å medverke i eiga undervisning? (gradering + veit ikkje/kan ikkje svare)
10. Korleis vert det informert om kva elevane arbeidar med på skulen?
11. I kva grad meiner du at du støtter opp om barnet ditt sitt læringsarbeid?
12. I kva grad opplever du at du vert høyrt når du gjev tilbakemelding til skulen på barnet ditt sitt læringsarbeid? (gradering + veit ikkje/kan ikkje svare)
13. Er det noko du ønsker å kommentere?

### Spørsmål til barneperspektivet

<b>Kvalitetsmål: Elevane møter variert undervisning, og får arbeide tverrfagleg med ulike emne</b>	
<b>Teikn til god praksis: Elevane møter variert undervisning</b>	
Kan de fortelje litt om kva de gjer når de har undervisning på skulen?	
Korleis jobbar de i dei ulike faga? (PC, tavle, skrivebok, gruppearbeid)	
Når de har undervisning, korleis deltek de elevar? O Diskusjonar o Gruppearbeid o Bruk av tavla	
Kva er variert undervisning for deg?	
<b>Teikn til god praksis: Elevane hentar kunnskap frå emne på tvers av fleire fag, og får arbeide tverrfagleg</b>	
Av og til kan det vere vanskeleg å sjå samanheng mellom dei ulike faga. Korleis er det for deg- korleis har du bruk for det du lærer i eitt fag i eit anna fag?	
Korleis kan du vere med å bestemme kva som skjer rundt deg?	
Kan du fortelje om noko du har lært som du trur du vil få nytte av seinare i livet?	
<b>Teikn til god praksis: Elevane brukar/vekslar mellom ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar</b>	
Snakkar dei vaksne om ulike måtar å lære på? Kva har du lært om dette om å lære seg ting på ulike måtar? Får du vise det du kan på ulike måtar?	

Når du skal lære deg noko i klasserommet, korleis føler du at du lærer best?	
Lar lærarane dykk elevane få vere med å bestemme på korleis de skal lære? Korleis?	
Er de utafor skulens område i timane, og kva gjer de da?( Fast? Kor ofte? Besøk?)	
Kan de fortelje om de har gjort noko som de synes er kjekt? Kvifor var det kjekt?	
<b>Teikn: Elevane er medvitne om kva kompetansemål dei arbeider mot</b>	
Når du begynner timen din, fortel dei vaksne kva ein skal lære denne timen?	
Korleis veit du kva du skal lære?	
Korleis kan dei vaksne vite om De har lært målet de skulle for timen?	
Har du fått vere med å vurdere eigne oppgåver? Korleis gjorde de dette?	

#### SAMTALEGUIDE TILSETTE

<b>Kvalitetsmål: Dei tilsette legg til rette for variert undervisning og samarbeid på tvers av fag</b>	
Kva legg du i variert undervisning?	
<b>Teikn: Lærarane samarbeider om emne og knyter saman kompetansemål frå ulike fag</b>	
Korleis samarbeider de om ulike emne?	
Kva emne har de samarbeida om dei siste åra?	
Korleis knyter de saman kompetansemål frå ulike fag?	
<b>Teikn: Lærarane legg til rette for ulike arbeidsmåtar og strategiar i undervisninga</b>	
Korleis legg du/de til rette for ulike arbeidsmåtar?	
Korleis går du/de til rette for at elevane får arbeide med ulike læringsstrategiar?	
<b>Teikn: Lærarane snakkar med elevane om ulike strategiar og læremåtar og lar elevane medverke i val</b>	

Korleis snakkar du/de med elevane om dei ulike strategiane?	
Korleis lar de elevane få medverke i undervisninga?	
<b>Teikn: Lærarane legg til rette for at elevane får vise kompetansen sin på fleire måtar</b>	
Korleis går du fram for å gje elevane høve til å vise breidde i kompetansen sin?	
Korleis gjer du elevane medvitne på kompetansemåla dei arbeider med?	
<b>Teikn: Foreldra vert informerte om kva emne elevane jobbar med gjennom året</b>	
Korleis informerar du/de dei føresette om kva elevane jobbar med?	
<b>Teikn: Foreldra støttar opp om elevane sitt læringsarbeid</b>	
Korleis opplever du at dei føresette støttar opp om elevane sitt læringsarbeid?	
<b>Teikn: Foreldra kjenner seg høyrte når dei gjev tilbakemeldingar til skulen</b>	
I kva grad opplever du at foreldra gjev tilbakemelding til skulen om læringsarbeidet?	
<b>Teikn: Leiinga prioriterer pedagogisk utvikling og set av tid til refleksjon, kunnskap – og erfaringsdeling</b>	
Korleis opplever du at leiing prioriterer pedagogisk utvikling?	
Korleis vert det sett av tid til refleksjon, kunnskap – og erfaringsdeling?	
<b>Teikn: Skulen legg til rette for (tidvis) oppløysing av timeplanane og samarbeid mellom lærarar/fag</b>	
Korleis vert det lagt til rette for oppløysing av timeplanar når det trengs?	



<b>Teikn: Skulen legg til rette for varierte læringsarenaer inne og ute i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv</b>	
Korleis legg skulen til rette for varierte læringsarenaer inne og ute,  - og i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv?	
<b>Teikn: Lærarane har fridom og påverknad inn mot eigen praksis</b>	
Opplever du/de at de har fridom og påverknad inn mot eigen praksis?	
Kan du gje døme på dette?	

### *Samtaleguide eigar*

<b>Kvalitetsmål: Lavik skule legg til rette for tverrfagleg arbeid og variert undervisning</b>	
<b>Teikn: Leiinga prioriterer pedagogisk utvikling og sett av tid til refleksjon, kunnskap og erfaringsdeling</b>	
Korleis følgjer eigar opp utviklingsarbeid i eininga/ane? Fins det faste prosedyrar/plan for oppfølging?  Kor mykje tid vert sett av til dette?	
Kven og Korleis involverer de:  <ul style="list-style-type: none"> <li>- tilsette?</li> <li>- barna?</li> <li>- føresette?</li> <li>- mellom eininga og eigar?</li> </ul> I kva grad er det sett at tid til dette?	
I kva grad har du sett av tid til felles refleksjon, kunnskap og erfaringsutveksling i lag med eininga?	
Variert undervisning korleis er dette i forhold til klasseundervisning	

<ul style="list-style-type: none"> <li>- tidsbruk</li> <li>- ansvarsfordeling</li> <li>- deling av fag</li> </ul>	
Korleis handterer du ulikskap, usemje og det å gjere feil?	
<b>Teikn: Organisasjonen legg til rette for god (tidvis) oppløysning av timeplanane og samarbeid mellom lærarar / fag</b>	
Korleis legg du til rette for tverrfagleg arbeid med timeplanar?	
Korleis legg du til rette for samarbeid mellom lærarar / fag når det gjeld tverrfagleg arbeid ?	
Tillet bemanning å løyse opp i timeplanen?	
Korleis er di og tilsette si haldninga til å løyse opp timeplanen? <ul style="list-style-type: none"> <li>- Personalet</li> <li>- Føresette</li> <li>- Elevane</li> </ul>	
Blir det berre gjort prosjekt på tvers av klassane?	
<b>Teikn: skulen legg til rette for variert læringsarenaer inne og ut i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv.</b>	
Kva varierte læringsarena har de i samarbeid med lokalsamfunnet <ul style="list-style-type: none"> <li>- inne?</li> <li>- Ute?</li> </ul>	
Har skulen faste samarbeidspartar i lokalsamfunn og næringsliv? I kva grad brukar organisasjonen desse aktivt?	
Har skulen budsjett som gir rom for varierte læringsarena?	
Er det nedfelt retningslinjer for dette arbeidet?	

**Teikn: Lærarane har fridom og påverkar inn mot eigen praksis**

Korleis kjem lærarane si fridom til å påveke eigen praksis fram?

*Observasjonsskjema*

<b>Elevane hentar kunnskap frå emne på tvers av fleire fag</b>	<b>Elevane reflekterer og kan sjå samanhengar</b>
<b>Elevane brukar/vekslar mellom ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar når dei arbeider med fagstoff i alle fag</b>	<b>Elevane er medvitne om kva kompetansemål dei jobbar mot</b>
<b>Dei tilsette samarbeider om emne og knyter saman kompetansemåla frå ulike fag</b>	<b>Variasjon og tverrfagleg arbeid syner att i planar</b>
<b>Lærarane brukar ulike arbeidsmåtar og strategiar i løpet av ein periode, og varierer dei ulike læringsarenaane</b>	<b>Lærarane legg til rette for at elevane får vise kompetansen sin på fleire måtar</b>
<b>Foreldra veit kva tema elevane arbeidar med gjennom året</b>	<b>Dei føresette har forventningar til at eigne barn tileignar seg kunnskap og utviklar seg som menneske</b>
<b>Foreldra motiverer og spelar ei positiv rolle i høve skulearbeid og støttar opp om fag og tema, og er reelle støttespelarar til skulen</b>	<b>Heim og skule må oppleve seg som likeverdige og vise kvarandre gjensidig respekt</b>

<p>Leiinga prioriterer pedagogisk utvikling og set av tid til refleksjon, kunnskap- og erfaringsdeling</p>	<p>Skulen legg til rette for varierte læringsarenaer inne og ute i samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv</p>
<p>Skulen legg til rette for (tidvis) oppløysing av timeplanane og samarbeid mellom lærarar/fag</p>	<p>Lærarane har fridom og påverknad inn mot eigen praksis</p>
<p>Skulen lagar oversiktlege planar for fag/på tvers av fag</p>	